



Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag

Årsmelding 2024



BILREKLAME - FOLIERING
STAND OG MESSEMATERIELL
SKILT OG DEKOR FASADEDEKOR
KLISTREMERKERPRINT OG TRYKKSAKER
GRAFISK DESIGN - KLESTTRYKK -
LOGO OG MERKEVAREBYGGING
MERKEVAREBYGGING - STEMPEL

Kvassnesvegen 58 - 5914 ISDALSTØ
Tlf. 56 35 22 50 - www.trykkservice.no
facebook: Garafisk-Hus - E-post: post@trykkservice.no


GRAFISKHUS
TRYKKSERVICE



Lundal®
KVALITET SIDAN 1870
www.johslundal.no

Innhald

| | |
|---|----|
| Tillitsvalde i HBS 2024 | 4 |
| Lokallagsleiarar 2024 | 5 |
| Leiaren har ordet | 7 |
| Referat frå årsmøte 2024 | 9 |
| Jordbruksforhandlingane 2024 | 13 |
| Stordemonstrasjon i Oslo i april | 18 |
| Styret i arbeid | 21 |
| Aktivitetar i lokallaga | 23 |
| Stolstur til Tyssebotn | 26 |
| Tur til Tjoflot | 27 |
| Markvandring med HMS | 28 |
| Totalberedskapsdag Knarvik | 29 |
| Landbrukspolitisk møte i Rosendal | 31 |
| «Mening, mat og mot»-arrangement Voss | 32 |
| NBS-leiar Tor Jacob Solberg på tur til Bergen | 34 |
| Møte om ærlege tal | 34 |
| Minneord Nils Frøynes | 37 |
| Avisinnlegg Nationen | 38 |
| Landsmøte 2024 | 39 |
| Fruktnæringer | 40 |
| Årsrekneskap og budsjett | 42 |

Bilete framsida: Tjoflot i Ullensvang

Tillitsvalde 2024

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

Leiar:

Mari Austvoll Gjengedal

Tveit 31, 5650 Tysse

97045683

mari.gjengedal@gmail.com**Nestleiar:**

Tina Bøe Buer

Hegglandsdalsv.754, 5211 Os

41625254

tinabbuer@gmail.com**Styremedlemmer:**

Jarle Helland

Hellandsneset 91A, 5936 Manger

41320601

jarlehelland@hotmail.com

Birte Larsen

Rosenlundv.31

5146 Fyllingsdalen

93207536

post@strutsefarmen.no

Sindre Taxt Måge

Fjordavegen 1305, 5776 Nå

99466959

simaage@gmail.com

Knut Conrad Milde

Høljarvegen 51, 5243 Fana

91829232

[kutcmilde@gmail.com](mailto:knutcmilde@gmail.com)

Christian Høie

Cort Piil-Smauet 6, 5005 Bergen

91363050

Christian.hoeie@gmail.com**Leiarar i lokallaga 2024****Bømlo og Stord:**

Svein Trygve Larsen

Kanalv.11

5437 Finnås

913 88 138

svein.trygve.larsen@gmail.com**Etna:**

Tore Aga Silde

Nernesvegen 27

5590 Etne

915 45 088

tore.ag.a.silde@hotmail.com**Midthordland:**

Dag Kyrre Lygre

Lygre

5646 Nordtveitgrend

48249418

dagkyrre@gmail.com**Kvinnherad og Kvam:**

Håvard Holt

Rosselandsvegen 212

5600 Norheimsund

46774900

haavard@hvaas.no**Masfjorden:**

Bjørn Egil Nordland

Solheimslia 149

5983 Haugsver

95746490

bjornegil8@hotmail.com**Osterøy:**

Øystein Hole

Hosanger

5282 Lonevåg

959 01 981

eysteinhole@gmail.com**Rødøy:**

Oddvar Stang

Valdersnesvegen 181

5939 Sletta

907 97 773

oddvasta@online.no**Sotra og Øygarden:**

Svein Misje

Mattiabrekko 4

5366 Misje

959 13 082

sveimisje@bkkfiber.no**Sveio:**

Brit Oddrun Stuve

Søre Tjernagel 55

5550 Sveio

45049698

li-rein@online.no**Tysnes:**

Anders Lundevold

Bårdsvandvegen 89

5685 Uggdal

93847508

alundevold@hotmail.com**Ullensvang:**

Johannes Rogdo

Rogdavegen 110, 5776 Nå

41008813

johannes@rogdo.no**Ulvik:**

Kyrre Manger

Kvålsvegen 37, 5730 Ulvik

95938952

kyrre_m@hotmail.com**Voss:**

Nils Martin Seim

Seimsv.147

5708 Voss

48154386

nilsmartin@vossoppmaaling.no



Fatland

Vi hjelper deg til enda bedre resultater!
Ta kontakt med oss for en hyggelig prat om våre konkurransedyktige priser og vilkår.




ULLENSVANG

FRUKTLAGER

Leiaren har orden

Gode medlem

Det har vært et spennende år å tre inn i vernet som leder for Hordaland Bonde- og Småbrukarlag.

Mars 2024 overtok jeg stafettpinnen fra mangeårig leder og nestor Leif Grutle. Arbeidet som har blitt lagt ned i organisasjonen av ham og tidligere styremedlemmer står det stor respekt av, og jeg kjerner på en enorm takknemlighet for den kjærigheten alle disse har vist til norsk landbruk gjennom sitt utrettelige organisasjonsarbeid.

Allerede måneden etter, 17. og 18. april, var det duket for stordemonstrasjon utenfor Stortinget. Det var en sterk og spesiell opplevelse å stå sammen med mer enn tusen andre bønder og rope «ærlige tall!» så det ljomet i Stortingssalen.

Som vi vet, fikk vi ikke gjennomslag for våre krav den dagen. Og idet denne årsmeldingen går i trykken, har det nettopp blitt klart at vi også tapte i andre runde. Mens Senterpartiet vandret ut av regjeringslokalene, rakk de samtidig å samle et lite flertall for et tallgrunnlag som var svært likt, og omtrent like dårlig, som det de prøvde å få gjennom i april 2024. Bønder skal fremdeles jobbe mer enn alle andre, og samtidig legge inn egne sparepenger for å produsere mat på dugnad.

Det er ikke vanskelig å se at politikerne er på kollisjonskurs med seg selv. På den ene siden har Stortinget en klar bestilling til landbruket: Vi skal øke selvforsyninggraden fra 40 til 50 %, og økningen skal være basert på norske ressurser. På den andre siden er politikerne svært lite villig til å gjøre det som trengs for å få det til – nemlig å gjøre det mulig for bønder å være bønder gjennom å gjøre det lønnsomt å bruke norske ressurser til å produsere mat.

Det skal ingen rakettforsker til for å forstå at det å øke vår egen beredskap er en klok investering i dagens ustabile verden. En stabil matforsyning er vårt aller viktigste fundament i totalberedskapen. Og den forsyningen kommer av at vi har et desentralisert landbruk med mange bønder rundt omkring i hele landet som produserer mat på de stedege ressursene, uten å risikere kollaps den dagen kraftføret, kunstgjødselen eller dieselen ikke kommer seg inn i landet.

Dette skjønner flere og flere vanlige folk der ute. Selv om flertallet på Stortinget foreløpig er i utakt med befolkningen, er det bare et spørsmål om tid før dette også vil bli åpenbart også for dem. Derfor er ikke dette et tidspunkt for å gi opp. Snarere er det tiden for å brette opp ermene og doble innsatsen.

I 2025 skal vi i Hordaland jobbe for å styrke vår egen organisasjon og kjempe for levelevlig vilkår for vestlandsbonden. Men vi skal også prøve å nå ut til alle dem som ikke er bønder. For når vi kan få folk flest – alle dem som ikke selv produserer mat – til å forstå at det er av hensyn til dem at vi har et landbruk i Norge, da får vi sprengkraft. De er våre viktigste alliansepartnere.

Med kampvilje for norsk matproduksjon i et evighetsperspektiv,
Mari Austvoll Gjengedal

Felleskjøpet
Rogaland Agder — siden 1899

Bonde Kompaniet

bedrift.bondekompaniet.no
Telefon 994 30 640



**Transport
Kranarbeid
Singel og sand
Siloballar
Halm
Containerutleige**



JAN MO AS
56 55 59 22 | janmo.no

Årsmøtesamling 9.-10.mars 2024 Hordaland BS og Sogn og Fjordane BS

Samlinga var på Scandic Voss.

Karbonlagring. Gjennomføring i praksis v/ Anders Dalland

Irene og Anders Dalland driv gard på Tysnes, og har gjort ein del erfaringar med ulike måtar å drive på – konvensjonelle, økologiske og regenerative metodar. Konnskapen er erfaringsbasert, og det er ikkje alltid lett å slå fast kva som er best, men det er vesentleg å tilrettelegge for balanse i systemet. Fotosyntesen er motoren for det heile. Fermentering av gylle er ein omdiskutert metode, kompostering er viktig og pløging er uhedig. Snauklipping og hard beiting bør ein unngå. Lage biokol sjølv, er ein arbeidkrevjande prosess. God drenering er ein føresetnad for godt resultat. Det er også engløftar og frøblanding med mange ulike sortar.

Klima- og berekraftsarbeidet til NBS v/ Lise Saga, fagansvarleg i NBS

Hovudbodskapen er ei heilheitleg tilnærming til berekraft, skal ikkje reduserast til å handle om CO₂-ekvivalentar. Debatten må opp på politisk nivå, bonden treng kompensasjon. Sjølvforsyning, beredskap og klimatilpassing er viktig for berekraft. Norsk Bonde- og Småbrukarlag utarbeider ein plan som inneholder problembeskrivelse og ein detaljert tiltaksoversikt for klima- og berekraftstiltak. I tillegg blir det laga eit kortare oppsummerande dokument som gjer argumentasjonen til NBS meir tilgjengeleg.

Norsk mat på norske ressursar - kva skal til av endringar i politikk og matsystem?

v/ Per Olaf Lundteigen, Senterpartiet

Stortingsmeldinga med opptrapningsplan og nye mål for sjølvforsyning, som Regjeringa la fram fredag, er utan tidsramme. Det er ein unnlatelsessynd. Me er ein del av framtida, ikkje klimasinker og må bli meir radikale. Auka sjølvforsyning betyr auka planteproduksjon, då må plantene bli meir verd. Me må produsere slik at jorda er fruktbar for evig. Importvernet må brukast og WTO-avtalen må reforhandlast. Kjedemaka er i ferd med å knekke Nortura, og politikarane har lenge ynskt å tone ned dette. Me må våge å gå inn i vanskelege dilemma, som prisnedskrivning av kraftfor. Prisnedskrivninga må reduserast, ikkje fjernast.

Ny stortingsmelding v/ Anton Langeland, generalsekretær i NBS

Stortingsmeldinga som Regjeringa overleverte Stortinget i går, kan ikkje akseptera. Den er ikkje ærlig, og det er vanskeleg å sjå korleis desse forslaga skal kunne gi auka sjølvforsyning og den vil ikkje gi norske bønder økonomisk jamstilling.

Debatt

Gruppearbeid med tema: teigbaserte tilskot, marknadsregulering sau, prisnedskrivning kraftfor, lausdriftskravet.

Gjensidigeavtalens. Fylkessekretær Åse-Marie Reisæter gjekk gjennom avtalen.

Uttalar. Dei to laga vedtok 5 uttalar: Produksjonsregulering sau, Ein ærligare klimadebatt, Ei rettferdig framtid for jordbruksaren, Bønder føder også barn, Auk dieselavgifta.

Til slutt heldt dei to laga sine respektive årsmøte kvar for seg.

Referat frå årsmøte i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

10.mars 2024 på Scandic Voss

25 utsendingar med stemmerett deltok på årsmøtet pluss 6 medlemmer utan stemmerett

Arne Lofthus vart vald til møteleiar og ynskte velkomen til årsmøtet.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Val av referent: Åse-Marie Reisæter.

Val av to til å skriva under referatet: Sindre Taxt Måge og Håvard Holt.

Leiarars tale

Leiar Leif Grutle starta talen med eit tilbakeblikk på eit liv i jordbruksfaget og dei enorme endringane som har vore. Frå tida då alle hadde eit forhold til jordbruksfaget og visste kvar maten kom frå, til strukturrasjonaliseringa som for alvor tok til på 1960-talet og opptrapplingsplan og optimisme på 1970-talet. Optimismen endte med overproduksjon og auka strukturrasjonalisering på 1980-talet. Det vart ei spennamde tid for ein ung bonde og NBS opplevde ein stor medlemsauke. På slutten av 1980-talet var medlemstalet nærmare 15.000. «Areal i bruk, jord i hevd» var utgangspunktet. Allereie den gongen vart det jobba med å få til eit driftsvansketilskot. Med tida har me opplevd at stadig meir blir produsert på innkjøpte ressursar. Sakna i starten som leiar i 2019 dei motkrefte organisasjonen burde vere. Dette har endra seg dei siste åra, nye krefter er komme til og NBS har no ein viktig posisjon i landbruksfaget og samfunnet. Glad for å ha fått oppleve to store og stolte periodar i NBS. Håpar og trur at den perioden vi er inne i no vil vare og at ein ny æra for bonden, bygda og NBS ligg framfor oss.

Årsmeldinga vart gjennomgått og godkjent. Den er sendt ut til alle medlemmer.

Rekneskapen vart lagt fram og godkjent.

Budsjett vart lagt fram og vedteke med desse endringane:

Kontingentar auka frå 260.000 til 270.000, sekretærtilskot auka frå 35.000 til 38.000, støtte til prosjekt auka frå 0 kr til 25.000, styreutgifter redusert frå 25.000 til 20.000, reiser og repr. redusert frå 25.000 til 20.000, standutgifter redusert frå 10.000 til 5.000
Dette gir eit underskot på 4.350 kr.

Val

Leiar: Mari Austvoll Gjengedal ny valt for 1 år

Styre:

Sindre Taxt Måge ny valt for 2 år

Knut Conrad Milde ny valt for 2 år

Christian Høie ny valt for 2 år

Tina Bøe Buer attval valt for 1 år

Birte Larsen ikkje på val

Jarle Helland ikkje på val

Vara:

1. Linn Ida Hjelmeland ny valt for 1 år

2. Marte Bleken Klemetsdal ny valt for 1 år

3. Leif Grutle ny valt for 1 år

Representantskapet: Mari Austvoll Gjengedal. Vara Tina Bøe Buer.

Ungdomsutval: Johannes Rogdo, Tore Aga Silde, Johan Kristian Milde (ny). Alle valt for 1 år.

Valnemnd:

Edel Karin Ertsås Alpen (leiar)

Øystein Eik

Irene Dalland



Leif Grutle overlet leiarvervet til Mari Austvoll Gjengedal



Nyvald styre: Sindre Måge, Tina Bøe Buer, Mari Austvoll Gjengedal (leiari), Knut Conrad Milde, Leif Grutle (vara), Johan Kristian Milde (ungdomsutvalet), Christian Høie.



Gruppearbeid: Trygve Berentzen, Christian Høie, Karen Hornnes, Tor Nagelgaard, Jenny Måkestad.

Jordbruksforhandlingane 2024

Opp takten til jordbruksforhandlingane 2024 var Stortingsmelding nr.11, ei melding jordbruket hadde store forventningar til. Trass i at meldinga ikkje vart vedteken av Stortinget i april, vart den lagt til grunn for jordbruksforhandlingane som om den var det. NBS vart nøydd til å godta premiss me var ueinige i, for å få delta i forhandlingane, og ein valde å godta talgrunnlaget trass i at ein var fagleg ueinig. Talgrunnlaget og den framforhandla avtalen vil ikkje gi meir matsikkerheit eller fleire bønder, det er ei vidareføring av det me har hatt. HBS sende innspel til Vestland Fylkeskommune i tillegg til å sende inn svar på spørsmål i Studieheftet til NBS. Her er ein del av det me fokuserte på:

Konkrete tiltak for auka sjølforsyning i Norge: Ta i bruk jord som er ute av drift. Auka kvaliteten på areala våre med god grøfting og kalking. Auka beitebruk. Betre bruk av utmarksressursane. Auka tilskot til grøfting, kalking, gjerdehald etc. over jorbruksavtalen. Å betra grøftetilstanden på dårleg drenert myr kan bidra til avlingsauke – samt at det kan vera eit svært godt klimatiltak. Tilskotet bør gjevest som eit tilskot bygd på tal meter grøft – samt kostnad per meter. På myr kan me ikkje har meir enn 4 meter mellom grøftane – men på sand/morenejord kan avstanden femdoblast. Skal ein få fart på grøftinga -noko som er eit godt miljøtiltak – så må grøftetilskotet dekka 60% av godkjent kostnadsoverslag.

Produksjonar som bør prioriterast for auka sjølforsyning, konkrete verkemidlar: Produksjon av korn og grønsaker bør prioriterast. Det er heilt naudsynt å auka kornproduksjonen dersom me skal motta å auka sjølvforsyningsgraden til 50%. Skal me få med dei små og mellomstore brukna i kornområda må arealtilskotet for korn aukast kraftig på desse brukna – samstundes som me tek bort grovfortilskotet. Det må verta meir lønsamt å driva med korn enn med mjølk eller ammekyr på areal det kan dyrkast korn på. Det må leggjast til rette for at ammekyrproduksjonen vert auka/styrka i områda der grasproduksjon er einaste alternativ produksjon. Me må bruka soneinndeling i driftstilskotet mykje sterkare enn me gjer i dag – samt at me må få struktur på dyretilskotet. Me bør ta ned driftstilskotet i kornområda slik at det ikkje stimulerer til ammekyrproduksjon. Det same gjeld for delar av Rogaland. Me bør også få ein sterk auke i dyretilskotet for dei første 15 ammekyrne. I kornområder bør søknader om investeringsemidlar til korntørke og lager prioriterast før søknader om midlar til mjølkeproduksjon, ammekyr og sau. Småbrukarlaget bør prioritera små og mellomstore mjølkebruk som i dag har lågast lønsemd av referanse-bruka for mjølk. Det same prinsippet bør og gjelda for sau og ammekyr – samt at det vert produsert korn på dei minste brukna i kornområda. Det kan innførast eit beredskapsstilskot.

Konkrete tiltak for å styrke norskandelen i dyrefør og plantebasert menneskemat:

Auka arealtilskotet og tilskotsordninga for å utnytte beitebruken. Fjerne tilskot til nedskrivning av kraftforpris. Stimulere all produksjon av frukt og grønnsaker. Overhalde regelverket som gjeld driveplikta.

Me kan få til både auke i sjølvforsyninga og inntektsveksten dersom arealtilskotet for grovfor og korn vert auka. Det må verta billigare å dyrka for eksempel gras på alle dei arealtypane me har enn å kjøpa kraftfor til drøvtyggjarane. Den delen av budsjettmidlane som skal gå til tetting av inntektsgapet må tildelast det første dyre- og arealintervallet i tilskota, samt driftstilskota. Det er viktig at støtteordningane i større grad tek omsyn til bruksstruktur, topografiske og klimatiske forhold i ulike delar av landet. Det bør stimulerast til dyrking av oljevekstar og belgvekstar i dei områda der det ligg til rette for slike produksjonar. Dette kan skje gjennom auka målpriis og arealtilskot. Me har sett at det har vore ein nedgang i tal sau og storfe på utmarksbeite. I Hordaland har enkelte lag i organisert beitebruk hatt ein ned-

gang i tal bruk på opptil 50%. Dette har medført at mange lag som organiserar beitebruken i fjella i fylket - har problem med nok folk til sinking m.m. Me bør styrkja dei tilskots-ordningane me i dag har innan «organisert beitebruk». Investeringsmidlar til tiltak i beiteområdet samt elektronisk hjelpe midlar som sikringsradioar, gps-bjøller og droner m.m bør aukast mykje. Det same gjeld tilskotet til drift av laga. Sterk auke av utmarkstilskotet kan og bidra til at det kjem meir sau og storfe på utmarksbeite.

Det er vel slik i dag at dei fleste nye fjøsa som har vorte bygd dei siste 10-15 åra har ein robot eller to i fjøset. Og auka bruken av beite på desse bruka trur me vil vera svært vanskeleg på grunn av storleik, avstand til beiteareala og for mange på grunn av rase. I frå denne fjøsa kjem vel om lag 50% av den mjølka som vert produsert her i Vestland. Resten av mjølka vert i dag produsert på bruk med mellom 10-20 kyr i båsfjøs. Mange av desse bruka har endå eit driftsomfang som gjer det mogeleg å produsera mjølk på beite – men då må det gjerast store endringar i tilskotregimet innan mjølk. Arealtilskotet til innmarksbeite må aukast kraftig. Prisen på kraftfor må også aukast.

Tiltak for å beholde, og gjerne øke, antall bønder: Bruka budsjettmidlane på det første årsverket på dei ulike produksjonane. Innføre teigbaserte tilskot for å stimulere til drift på tungdrivne areal.

Hvordan beholde og bygge opp arealbruken og produksjonen i din region? Auka tilskot til grasareal og dyretilskot til drøvtyggjarar samstundes som ein fjernar nedskrivingstilskotet på kraftfor. Teigbaserte tilskot vil vere svært aktuelt på våre vanskelege og tungdrivne areal. Innføring av soneinndeling på dyretilskota.

Utforming av teigbasert arealtilskudd for å best mulig møte utfordringene i din region: Vår region har mykje vanskeleg areal, både brattlendt og små teigar. I tillegg er det rikeleg med ujevnheiter -småknausar og humpar – som gjer maskindrift vanskeleg. Eit teigbasert arealtilskot må utformast slik at desse ulempene blir mest mogleg kompensert for. Ein mykje større del av budsjettmidlane må flyttast frå volum til areal- og utmarksstilskotet. Det må også leggja til 60% av budsjettmidlane må gå direkte til bruk av areal. Som i dag må også leggja til 60% av budsjettmidlane må liggja i botn. Me må leggja inn faktorar for arealtypane slik at me får jamna ut produksjonskostnadane per f.e på dei ulike arealtypane. Vidare må det gjevest tillegg for slått av brattlend fulldyrka og overflatedyrka. Tal teigar må og gje auka tilskot.

Avkastning på kapital viser at det er behov for en vesentlig økning i midler over jordbruksavtalen. Hvordan best fordele en slik økning: Det er viktig med ærligheit i framstillinga av kostnadar/kapitalkostnadar. Resten av samfunnet må få presentert dei reelle behova, og ein må unngå «lurer» i framstillinga av dei faktiske tilhøva. Kravet i 2024 bør vera tredelt – kompensasjon for kostnadsauke - årleg lønsvekst – og 5 mrd. til tetting av lønsgapet. Finnes det midler igjen kan dette benyttes til å avhjelpe utfordringer knyttet til kapitalkostnader.

Hvordan kan vi hjelpe de store brukene uten å la det gå ut over de små eller bidra til ytterligere strukturrasjonalisering? Gjeldssanering kan vurderast i enkelte tilfelle. Rentestøtte ved rente over ein viss prosent kan og vere eit aktuelt tiltak. Det vil skape eit dilemma, kven som skal få. Dei som evt får hjelp i ein overgangsfase, må i tilfellet oppfylle visse kriteriar.

Målpris: Mjølk bør takast ut. Det er uansett på tide å utfordre WTO-reglane.

Hvordan forebygge overproduksjon: For gris og egg bør ein senka konsesjonsgrensene. Det same gjeld kylling. Når det gjeld drøvtyggjarane bør ein redusera dei mengdebasert tilskota og frigjevne midlar bør overførast til arealtilskotet/utmarkstilskotet, driftstilskota og dyretilskota. Det bør ikkje gjevest kvalitetstilskot til lam på over 25 kg samt til lam med feittrekk. Det bør og innførast arealkrav per vinterfora sau. På storfe bør det og innførast arealgrense som for sau. Vektgrense bør kunna nyttast til å regulera produksjonen.

Det bør ikkje gjevest arealtilskot til meir enn 400 da korn. For gras bør taket vera 300 da. Tak på tilskot til tal dyr bør endrast: 50 mjølkekry med same struktur som i dag. For ammekyr bør taket vera 30. Når det gjeld andre storfe bør taket vera 50 dyr. For mjølkegeit og mjølkesau bør taket vera 125 dyr. Når det gjeld sau og ammegeit bør taket vera 150. Taket for tilskot til verpehøns bør vera 1000 høns. Det bør ikkje gjevest tilskot til slaktegris. For avlsgris bør taket vera 30 dyr. Kvotetaket for mjølk bør reduserast til 400 000 liter. Det bør vurderast om det også bør innførast sonedeling på dyre-tilskotet til drøvtyggjarar. Overproduksjon er drepane for jordbruket, derfor må me innarbeida mekanismar for å regulere produksjonen. Om Stortingsfleirtalet meiner alvor, må ein ha ein mykje tydelegare haldning til importvern, også til bearbeida produkt. Dei må også lage strengare reglar for dei tre daglegvarekjedene, slik at dei selger norske produkt, så lenge dette er å oppdrive. Verkemidla må stimulere til bruk av dei lokale ressursane me rår over på ein best mogleg måte. Også beiteresursane.

Fordeler og ulemper med prisnedskriving på kraftfor: Det kan vera vanskeleg å produsera kjøtt og mjølk utan bruk av kraftfor – men det er mogeleg å redusera forbruket av kraftfor både i storfe- og saukjøtproduksjonen. For storfe trur me at eit tilskot til kastratar på kr 3000 vil redusera bruken av kraftfor i storfekjøt-produksjonen mykje, samt at bruken av beite ville auka. Me trur at forutsetningane for at bonden skal velja å nytta mest mogeleg eigenprodusert for, er at dei f.e han produserar på eige areal er billigare enn f.e. i kraftfor. Skal det skje må me auka arealtilskotet samtidig med at endra utrekningsgrunnlaget for tilskotet. Det vil då vera naudsynt å fjerna nedskrivingstilskotet på kraftfor. Kraftforkrevjande produksjonar må ta ut meir på pris. Svin og kylling har ein unaturleg låg pris i forhold til kjøt frå beitedyr.

Hvordan bør investeringsvirkemidlene (IBU) innrettes i framtida? Retningslinjene for tildeling av IBU-midlar bør flyttast frå sentrale føringer til ei regional forvaltning der detaljane i verkemiddelbruken av IBU-midlane vert fastlagt regionalt. I dag er den regionale ráderetten begrensa til kva produksjonar som skal prioriterast. Det må leggjast til rette økonomisk slik at det ikkje skal vera turvande og auka produksjons-volumet på utbyggingsbruka. Dersom det er lønsemd i ei utbygging ut frå kriteria som t.d. nyttig av grovforet, miljøaspektet, bidreg til økonomien på bruket og den vidare drift av garden – så skal ikkje søknaden om lån og tilskot avvisast av Innovasjon Norge. Det skal heller ikkje spela noko rolle om det skal byggjast til 30 eller 200 vinterforasau – eller til 10 eller 40 kyr. Alle storleikar er like viktige berre dei er tufta på garden sine ressursar. Tilskotsprosenten må vera 60% på bruk med opp til 20 kyr.

Taket for tilskotet bør aukast. Vidare bør me vurdera om det bør vera eit rentetilskot for denne bruksstorleik – dette for å sikra at store swingingar i rentenivået dei første 15 åra ikkje vil få negative konsekvensar for økonomien på bruket. Investeringsmidlane har dei siste 40 åra vore den største drivkrafta til den struktur-endringa me har sett innan mjølk, storfe- og saukjøtproduksjonen i desse åra. Midlane må no gå til dei minste bruka utan at Innovasjon Norge krev auka produksjonsvolum. Det er no på høg tid at det vert eit fornuftig arealkrav ved utbygging – og det bør vera absolutt. Å betra grøftetilstanden på dårleg drenert myr kan bidra til avlingsauke – samt at det kan vera eit svært godt klimatiltak. Tilskotet bør gjevest som eit tilskot bygt på tal meter grøft – samt kostnad per meter. Skal ein få fart på grøftinga – noko som er eit godt miljøtiltak – så må grøftetilskotet dekka 60% av godkjent kostnadsoverslag. Det mest bærekraftige vil vera at landbruket oppnår eit inntektsnivå som gjer det mogeleg å gjennomføra naudsynte investeringar utan støtte og krav frå staten når det gjeld driftsomfang m.m.

Tiltak gjennom jordbruksavtalen for å øke tilgang på avløsere: Maks tilskot til avløsing bør aukast til kr. 100.000. Ordninga med avløsing under sjukdom bør prioriterast. I dag er det slik av dagløn utanfor bruket vert trekt frå dagsatsen ein får i avløsing – dette gjer at

dagsatsen ein får til avløsing kan verta kraftig redusert – slik at tilskotet ikkje på langt nær dekkja utgiftene til avløysar. I dag er bruket eit føretak reg. med org.nr – så då bør ikkje anna inntekt utanfor tiltaket trekkjast inn når tilskot skal utrekna.

Klima- og bærekraftsplanen:

Klima, miljø og berekraft vert ofte brukt om kvarandre i ordslektet om vegen mot ei grønare framtid, men det er viktig å ha ein bevisst bruk av desse omgrepene. Klima er berre éitt av mange viktige omsyn i det større miljøspørsmålet, og ein kan ikkje få ein berekraftig landbrukspolitikk utan heile miljøet. Dei store problema oppstår når klima vert skilt ut som eit einskild omsyn, og ein konkluderer med at politikken er berekraftig om han berre tek omsyn til klima. Planen må ta det breie miljøet inn i berekraftsbegrepet.

I dagens debatt er også synet på klima kome galt og ubalansert ut, noko landbruket lider under. Vi har ein klimadebatt og ein klimapolitikk som er fjernt frå verkelegheita, sunn fornuft og kunnskap om grunnleggjande biologiske prosessar. Planen må ha som mål og utgangspunkt å ta eit oppgjer med dette. Så lenge vi arbeider ut frå eit system som har ei verkelegheitsoppfatning om at beitedyr bidreg negativt til klimaet fordi systemet ikkje rekner med den positive (eller rettare sagt negative) sida av totalrekneskapen (fotosyntese og karbonopptak gjennom biologiske prosessar), har vi allereie tapt. Det er håplaust å godta eit premiss om at biologiske utslepp og fossile utslepp er det same når det i stor grad er sistnevnte som bidreg til ein netto auke i CO₂ i atmosfæra. NBS må nyttja høvet til å ta tydeleg avstand frå premissset om at biologiske og fossile utslepp blandast i hop. Dette premissset ligg til grunn for landbruks klimaplan slik det ligg til grunn for det globale systemet for klimarekneskap, og det er eit premiss vi som miljøbevisst faglag som kjemper for berekraftig matproduksjon aldri skulle ha godtatt. At vi godtok det den gong, betyr ikkje at vi bør la galskapen halda fram. Når den offentlege diskusjonen handlar om å redusera kjøt frå beitedyr og forskarmidlane går til å forska på metanhemmarar framfor andre nyttere tiltak, er dette ikkje noko anna enn ein grov avsporing frå det som må vera det verkelege klimamålet: å redusera menneskelege utslepp frå fossile kjelder, overforbruk og arealbruksendringer. Det store hovudproblem for miljøet i dag er overforbruket, hovudsakleg i vesten. Det verkar som at miljø- og klimaproblemet skal løysast med meir teknologi, som krev større utvinning av ressursar, og som store delar av verdas befolkning ikkje har høve til å ta del i. Det er ingen som påstår at vi hadde det därleg i Norge på 70-talet. Det private forbruket var den gong ein brøkdel av kva det er i dag. Den store elefanten i rommet, som ingen snakkar om, er at vi ikkje kan ha det forbruket vi har i dag dersom vi meiner at alle i verda skal ha det like bra. Det er det ikkje ressursar til, ei heller vil jordkloda tolka det.

Samstundes aukar den sosiale og økonomiske ulikheten også i Noreg, med bønder som dei lågast løna i samfunnet. Dei er også blant gruppene med lågast personleg forbruk. Å påleggja denne gruppa kostbare, tidkrevjande og lite virksame symboltiltak på bakgrunn av fellesskapet sitt overforbruk, kan med rette opplevast som därleg musikk.

Klimatilpassing, robuste økosystem og god ressursutnytting er viktig. Robuste økosystem må innebera noko meir enn å berre vedlikehalda på dagens nivå. Det må innebera meir vitale og mangfaldige økosystem der alle dei biologiske prosessane optimalisera for auka regenerativitet og karbonbinding. Målet er ikkje berre å begrensa klimagassutslepp, men også å sikra naturmangfald, jordliv, kulturlandskap, fruktbarheit i jorda, auka produktivitet og økosystemtenester som flaumdemping. Biologiske CO₂-utslepp gjennom tap av karbon i jorda er eit betydeleg problem som underkommuniserast i dag, noko som gjer at open åkerdrift og import av planteprodukt kjem betre ut i klimarekneskapen enn det bør. Tiltak som jorddekke og levande plantekonkurranser i større delar av året, mindre bruk av energikrev-

jande kunstgjødsel, tilførsel av meir husdyrgjødsel og organisk materiale i kornområda, og mindre pløying, vil vera agronomiske tiltak landbruket kan gjera som bidreg positivt til klima. Når det gjeld økonomisk jamstilling, er dette eit poeng som ikkje kan sjåast lausrive frå miljøet. Å produsera mat må vera lønsamt, men kva for jordbruk er det vi skal løna? Kva for matproduksjon er det samfunnet skal prioritera? Det må vera den matproduksjonen som er miljømessig berekraftig. Etter vårt syn er det heilt avgjerande at den matproduksjonen som skal vera lønsam for bonden, er den som baserer seg på bruk av norsk jord og norske ressursar. Vi må tørra å seia at økonomisk jamstilling ikkje nødvendigvis betyr at alle bønder og all slags matproduksjon skal vera like lønsam. Ein auke i industriell svine- og kyllingsproduksjon til dømes, vil vera i strid med både klima, berekraft og mykje av NBS sin politikk. Vi kan ikkje oppmoda, gjennom auka lønsemdu, til auka produksjon av mat som fører til meir import, därlegare ressursutnytting og mindre bruk av norske areal. Klima- og berekraftsplanen må ha som ufråvikeleg prinsipp at det er areala vi har i Noreg som må vera utgangspunktet for matproduksjonen. Det er dette som er berekraftig, og det er dette som må vera lønsamt. Det viktigaste politiske tiltaket vi kan gjera i klima- og miljøpolitikken, er å arbeida for ei endring i dagens diskurs og system for føring av klimarekneskap. Dette må vera prioritert nummer ein. Vi må krevja at det vert gjort skilnad på biologiske og fossile utslepp, og vi må krevja at dei biologiske optaka vert rekna med på lik line med utsleppa. Alt anna vil vera å halda fram med å godta ein feil verkelegheitsskildring. Viss vi ikkje har riktig målesystem, vil vi alltid få galt svar, noko kampen for rett talgrunnlag syner. Når rekneskapssystemet vert riktig, vil det vera tydeleg at det å ha beitedyr i graslandet Noreg – dyr som er ute og lever i symbiose med graslandskapet, byggjar jordsmønn, binder karbon, førebyggjer erosjon og styrker naturmangfaldet – er det mest klimasmarte vi kan gjera. Produksjon som baserer seg på auka kraftførforbruk vil koma tilsvarende därlegare ut, og intensiv åkerproduksjon vil også problematisera. I ein slik rekneskap vil importert mat koma därlegare ut enn i dag, og verdien av god agronomi som førebyggjar erosjon og utslepp frå jord, vil verta langt tydelegare. På same vis vil storfe og småfe som gjer den viktige jobben med å hausta av gras- og utmarksressursar koma langt betre ut samanlikna med dyr som er inne og et kraftfør. I dag er det sistnevnte som kjem best ut av klimarekneskapen, sjølv om det etter alle solemerker burde ha vore motsett. NBS må leia an i arbeidet med å spreia denne sunne fornufta til både politikarar og folk flest, på vegne av framtida til norsk, berekraftig matproduksjon.

Hvordan benytte eksisterende tilskuddsordninger i jordbruksavtalen for å stimulere til klima- og bærekraftstiltak på gårdsnivå? Det bør innførast eit karbonlagringstilskot der bøndene får betalt for å lagre karbon. System for dette finnест allereie, og her er det eit stort potensiale for å vise at jordbruket har moglegheitene. Forskningsmidlar som går til utvikling av metanhemmera o.l. kan flyttast til karbonlagring. Tilskuddsordningane må vere tilpassa brukets ressursar og må stimulere til meir beitebruk. Fjerna nedskrivningstilskotet på kraftfor-

Stordemonstrasjon i Oslo

18. april skulle Stortingsmelding 11, «Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket», handsamast i Stortinget. I det høvet hadde Norsk Bonde- og Småbrukarlag i rekordfart tromma saman til stordemonstrasjon foran Stortinget i lag med ei rekke organisasjonar. Busslastar med folk frå dei lokale faglaga kom frå store deler av landet. Frå vårt fylke deltok mellom anna Mari Austvoll Gjengedal og Christian Høie frå fylkesstyret, og ein stor delegasjon frå Voss. Demonstrasjonen varte i to dagar, frå 17. april og fram til avstemminga i Stortinget midt på dagen den 18. Heile denne tida var det program frå scena med appellar frå politikarar, organisasjonar, musikarar, bønder og engasjerte enkeltpersonar. Fleire overnattat i telt på Eidsvolls plass. Stemninga då fleire hundre folk stod samla i lyset frå den sterke vårsola og ropte om ærlege tal så det ljoma langt inn i Stortingssalen, var elektrisk.

Kontrasten var desto større då stillheita la seg over plassen etter avstemminga. Forslag 25, kompromissforslaget om talgrunnlaget som SV, Raudt, MDG og KrF hadde fremja i tråd med næringas krav, falt. Regieringspartia Ap og Sp hadde ikkje nytta høvet dei hadde fått servert på eit sølvfat til å gjennomföra sin eigen politikk, og det var ikkje noko fleirtal for et nytt talgrunnlag. Den dagen var det mange som gjekk skuffa heim. Men takk vera demonstrasjonen fekk mange bønder og oppleva kjensla av å stå skulder med skulder og kjenna krafta i å heva stemma i lag, kan hende for første gong i sitt liv. Den kjensla tok nok mange med seg vidare for å mobilisera til nye kamper for norsk landbruk og ærlege tal.

Mari



Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



Felleskjøpet

Tlf.: 72 50 50 50 • felleskjopet.no

**Nær bonden
med uavhengig rådgiving**





Vekselbanken

Ein god medspelar

Truleg det beste

Sortimentet til sau

Fiskå Mølle sitt försortiment gir full dekning av protein, energi, vitamin og mineral.

| | | |
|--|--|--|
| TOPLAC® SAU | TOPLAC® SAU FIBER | SAU/LAM APPETITT |
| <ul style="list-style-type: none"> Gir auka mjølkeyting Perfekt ved store kull/kort inneføringssperiode etter lamming | <ul style="list-style-type: none"> Gir betre vommilje Består av 75% TopLac Sau, 25% Roetopp | <ul style="list-style-type: none"> Smakleg og fiberrik Inneføring: "all-round"-fôr til alle dyr |
| SAUEFÖR | SAUEFÖR DREKTIG | LAM BEITE |
| <ul style="list-style-type: none"> Høgt proteininnhold gir god lammetilvekt Beste val dersom inneføring etter lamming overstig 3 veker | <ul style="list-style-type: none"> Ekstra vitamin og mineral Organisk selen og mykle vitamin E 3-5 hektos dekkjer behovet | <ul style="list-style-type: none"> Svært fiberrikt fôr gir gode magar på beite Perfekt i kraftfôrautomatar |
| FISKÅ MØLLE AS Tlf. 51 74 33 00 | FISKÅ MØLLE ETNE AS Tlf. 53 77 13 77 | FISKÅ MØLLE TRONDALAG Tlf. 73 85 90 60 |
| FISKÅ MØLLE FLISA Tlf. 62 95 54 44 | Fiskå Mølle | |



Tlf. 40 03 48 80

www. fjordfrukt.no

Styret i arbeid

Med ny leiar og fleire nye styremedlemmer, starta me året friskt med heildagsmøte på Lystgården på Landås. Der brukte me tid på å bli betre kjende med kvarandre, la planar og diskutere kva me ynskte å ha fokus på dette året. Ein hyggeleg og nyttig dag. Dette året har me hatt 10 styremøte - 4 fysiske og resten på Teams. Me har også hatt 2 møte med lokallaga på Teams. På Facebook har me både eiga side og ei gruppe, særleg gruppa blir mykje brukt, både til informasjon om ting som skal skje eller har skjedd, deling av aktuelle saker og meiningsutveksling. Me har også ein Instagramkonto.

Hordaland BS har hatt fin vekst i talet på medlemmer dei siste åra. Dette året har medlems-talet auka frå 644 til 674. Me har 60 nyinnmelde, så det er ein del som melder seg ut også, dei fleste grunna høg alder eller at dei sluttar med gardsdrift. Ullensvang BS er framleis det største lokallaget vårt, med 145 medlemmer (11 nyinnmelde i 2024). Voss BS er ein god nr.2, med 107 medlemmer (15 nyinnmelde i 2024). Midthordland BS må og nemnast, dei har 72 medlemmer (11 nyinnmelde i 2024). Midthordland BS har merka seg ut med stor aktivitet, både møte, kurs og sosiale aktivitetar. Dette er nok mykje av årsaka til den store auken i medlemmer. At NBS og leiar Tor Jacob Solberg har vore synleg i media med ein tydeleg bodskap, bidreg nok også til medlemsauken.

Som vanleg sende me inn våre innspel til jordbruksforhandlingane til NBS. I tillegg har me sendt inn svar på høyringar og skrive lesarinnlegg. 1.mai heldt Mari appell i Odda på arrangementet der. Lokallaget var med i toget. Mari heldt og innlegg og var med i paneldebatt på eit landbrukspolitisk møte i Rosendal, i lag med Torgeir Knag Fylkesnes frå SV og Kjersti Hjelmeland frå Vestland Bondelag. I mai arrangerte me HMS-vandring i lag med lokallaget Sotra og Øygarden BS. Me deltok også på årsmøtet til fleire av lokallaga, og me prøver å delta hos alle som ynskjer besøk av nokon frå fylkesstyret. Ordninga med forsik-



Marte Klemetsdal, Christian Høie, Tina Bøe Buer, Knut Conrad Milde, Åse-Marie Reisæter, Mari Austvoll Gjengedal, Jarle Helland, Leif Grutle, Framme Linn Ida Hjelmeland.

ringsmidlar til lokallag og fylkeslag gjeld framleis (4 kvart år). Lokallag som ynskjer innslag om forsikring/HMS på årsmøtet eller eit anna møte, kan ta kontakt, så kjem ein av oss. Leiar eller andre styremedlemmer deltek og på møter i Landbrukets Partnarskap, Landbrukssamvirke Vest og andre møte som Vestland Fylkeskommune eller Statsforvaltaren kallar inn til (t.d. RMP).



Møte med Anders Nordstad i Bergen mai 2024. Medarrangørar var Bybonden i Bergen, Bondelaget og Spire.



Aktivitetar i lokallaga

I fleire av lokallaga føregår det aktiviterar for både medlemmer og andre. Her er litt av kvart som kanskje kan vere til inspirasjon for fleire.



Masfjorden BS viste filmen "Sau" i samarbeid med Bygdekinoen. Serverte spekemat med tilbehør til dei som var på kinoen.



Då Midthordland BS arrangerte slaktekurs var det ventelister for å få vere med.



Kurs i ljåslått. Midthordland BS.



Dag Kyrre Lygre og Tina Bøe Buer steller til grillmat.



1.mai i Odda. Leiaren vår Mari held appell og har etterpå ein prat med Arne Lofthus frå Ullensvang BS



Mat og prat på Bildøy etter HMS-arrangementet.



Andreas Gjerstad, Knut Conrad Milde og Johan Kristian Milde frå Midthordland BS. Sommaravslutning på Soltun Besøksgard.



Christian Høie frå Midthordland BS på demonstrasjon i Oslo.



Leiar i Sotra og Øygarden BS Svein Misje, Leiar i Hordaland BS Mari Austvoll Gjengedal, Fylkessekretær Åse-Marie Reisæter.



Midthordland BS på tur i marknadshage på Lysekloster. Dag Kyrre Lygre og Irene Dalland kikar inn i drivhuset.



Midthordland BS

Stølstur til Tyssebotn

Søndag 25. august hadde Radøy Bonde og Småbrukarlag invitert medlemmer og andre interesserte til å vera med på tur til Tyssebotn. Veret var vått og grått, men det kunne me ikkje gjera noko med. Med regntøy og godt humør, var det femten personar som tok seg oppover mot stølen til Guri Tyssebotn.

For å koma opp til stølen, måtte ein gå litt i trapper og litt på sti. Med roleg gange tok turen ca. ein time. Sjølv i regnvær var det ei fin naturoppleving. Det var og nokre som valgte å køyra opp. Vel opp vart me tekne godt i mot av Guri Tyssebotn og foreldra hennar. Guri hadde for eit år sidan teke over stølen og stølsdrifta som foreldra hadde bygd opp. I geitefjøset var det plass til alle, og det var lagt ut mjølsekkar til å sitja på. Sidan Guri var ganske ny brukar, var det foreldra som fortalte om stølen og drifta. Noko mjølk frakta dei i tank ned til bygda for henting og noko laga dei ost av på stølen. For å varma opp gryta med mjølk som skulle verta til ost, brukte dei ved. Her var det viktig å passa på varmen, men planen var å erstatta vedfyringa med straum. Då ville ein få ein friare kvardag.

Det var ikkje berre geitost som vart produsert hos Guri. Dei hadde også produksjon av ulike pølser, pinnekjøt og fenalår. Geitost og pølser hadde ho lagra på stølen, slik at dei som ville kunne få kjøpa.

Etter orientering om drifta i fjøset, vart me inviterte inn i bustaden dei hadde på stølen. Sjølv om det var trang om plassen, var det plass til alle. Det vart ei koseleg matstund, der det vart servert rikeleg med smaksprøvar av den gode spekematen deira. Stemninga var god, og praten gjekk lett.

Trur alle sat att med ei god og interessant oppleving etter opphaldet på geitestølen til Guri Tyssebotn. Er sjølv imponert over kva ein kan få til med stor arbeidsinnsats, og korleis ein kan nyttja dei ressursane som ligg i fjellbeita. Før me gjekk, vart me ønskt velkommen tilbake. Me avslutta stølsturen med å gå køyrevegen attende til bilane våre. Det i seg sjølv var ei fin oppleving. Ikke rart at ein anbefalte firehjulstrekkar for dei som ville køyra opp.

Oddvar Stang - Radøy Bonde og Småbrukarlag



Tur til Tjoflot

Sundag 13. oktober inviterte Ullensvang Bonde- og Småbrukarlag til den årlege hagevandringa. Turen gjekk denne gongen til Tjoflot, like under fjellet Oksen, i enden av ein smal og svingete veg. Oksenhalvøya høyrdie tidlegare til Ullensvang herad, men er no ein del av Voss herad. Me parkerte nede ved nausta, og spaserte opp til garden. Der vart me møtt av dei to unge bøndene Brita Underdal og Bjørnar Hamre. Dei viste oss rundt på garden og fortalte om dei mange planane dei hadde for framtida på garden. Nye fruktfelt var dyrka opp i bratte bakkar, epletre planta og ein liten flokk sauer gjekk og beita. Mykje av epla vert nyttja til saft og sider, og vert pressa heime på garden. Fotturistar på veg ned frå Oksen har høve til å kjøpe eplesaft og andre ting når dei kjem forbi garden, og det er eit populært tilbod.

Tusen takk til Brita og Bjørnar som tok så godt i mot oss og viste oss garden sin, og takk til Thomas og Gunnhild som serverte kaffi og bollar. Me 12 som deltok på turen hadde ein flott dag. Tjoflot var ein spennande plass å kome til og det var kjekt å sjå alt Brita og Bjørnar held på med og høre om alle planane dei har. Me ynskjer dei lukke til!

Åse-Marie



Thomas Harris, Guro Kvalnes, Gunnhild, Anne Karin Velure, Vigleik Bleie, Brita Underdal, Jenny Måkestad, Jonas, Dagny Helland, Otto Vikane, Johannes Rogdo, Bjørnar Hamre.

Markvandring med HMS

Triveleg og nyttig markvandring med HMS hos Odd Bildøy på Bildøy (Sotra) 29.mai 2024.

Gunstein Dyrdal frå Norsk Landbruksrådgiving sende oss rundt på garden for å leite etter potensielle farar. Etterpå samla me oss og gjekk gjennom ting me burde vere merksame på for at det skal vere trygt på garden. Det vil alltid vere ting ein ikkje tenkjer på, og ei påminning er uansett nyttig for oss alle.

Lokallaget Sotra og Øygarden Bonde- og Småbrukarlag stod for grilling av pølser og hamburgerar, spandert av Nortura. Alle dei 26 frammøtte såg ut til å kose seg og vart sitjande ei god stund utover kvelden med kaffi, mat og prat.

Ein stor takk til Odd som stilte garden sin til disposisjon for oss denne kvelden.

Åse-Marie



Gunstein Dyrdal frå NLR har full merksemd.



Terje Strandtun er grillkokk
og verten Odd Bildøy følgjer
godt med.

Totalberedskapsdagen i Knarvik

Laurdag 9.november inviterte Nordhordland Forsvarsforeining til Totalberedskapsdagen i Knarvik Amfi. Arrangementet markerer slutten på DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) si eigenberedskapsveke, og viser kva frivillig og offentleg beredskap som finst i regionen. Målet er å fremje samarbeidsprosjektet som skal styrke forsvarsvilje og motstandskraft i befolkninga. Bonde- og Småbrukarlaget har ikkje delteke på dette arrangementet tidlegare, men i og med at matproduksjon er ein vesentleg og avgjerande del av beredskapen, syns me at det var naturleg å seie ja til invitasjonen. Me som deltok på standen vår, hadde ein fin dag i lag med kjekke og engasjerte folk frå mellom anna Sivilforsvaret, politiet, brannvesenet og Røde Kors. Mange av dei som var innom standen vår, var veldig opptekne av norsk matproduksjon og matberedskap.

Åse-Marie



Oddvar Stang og Åse-Marie Reisæter





Hvorfor skal jeg være eier av TINE-samvirket?

- Et samvirke som jobber for best mulig økonomisk resultat fra din melkeproduksjon.
- Trygg og forutsigbar avsetning av melka.
- Tilgang til verdifull kompetanse i alle deler av melkeproduksjonen.
- En gunstig startpakke som ny bruker.
- Et godt faglig og sosialt miljø i produsentlaget.
- Et samvirke som sikrer deg konkurranseskraft og påvirkning videre i verdikjeden.



SAMMEN SKAPER VI ET LEVENDE NORGE
medlem.tine.no





Landbrukspolitisk møte i Rosendal

27.mai 2024 arrangerte Sosialistisk Venstreparti og Hordaland Bonde- og Småbrukarlag ope møte med tema «Kva no for landbruket?»

Torgeir Knag Fylkesnes, nestleiar i SV, fortalte om den politiske ståa på Stortinget og korleis arbeidet med Stortingsmelding 11 og jordbruksoppgjeret har vore. Han ga svar på spørsmål mange av oss har stilt oss etter at Stortingsmeldinga ikkje vart vedteken av Stortinget, men likevel lagt til grunn for jordbruksforhandlingane, som om den var det.

Mari Austvoll Gjengedal, leiar i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, tok for seg dei historiske linene og kvifor vi aldri vil oppnå betre situasjon for bøndene eller auka sjølvforsyning, så lenge det uualte overordna målet for landbrukspolitikken er «så billeg mat som mogleg, med så få bønder som mogleg». Politikarane kan ikkje lenger halda fram med å peike på flagla og Staten når dei politiske verkemidla som vert framforhandla, gong etter gong er i strid med det Stortinget seier dei vil ha: Matsikkerheit, berekraft og landbruk i heile landet. Det var mange gode og opplysende tankar både frå panelet og publikum.



Kjersti Hjelmeland, Vestland Bondelag, Torgeir Knag Fylkesnes, SV, Mari Austvoll Gjengedal, HBS-laiar



«Mening, mat og mot» kom til Voss

Saman med fleire andre gode krefter, inviterte leiar i Voss BS Nils Martin Seim og Hilde Lussand Selheim til helaften i storsalen på Park Hotel Vossevangen 21.januar. Og det vart verkeleg ein fantastisk og inspirerande kveld for dei 700 frammøtte som før sjølvé møtet starta fekk servert nydeleg betasup.

Møteleiar **Edel Urstad** ynskte velkomen og starta med å slå fast at mat og vatn må vere pri ein når det gjeld beredskap. Norsk mat på norske ressursar er avgjerande. Bonden er beredskapen sin kanarifugl, no er det meiningsars mot og handlekraft som gjeld.

Kjersti Rinde Omsted snakka mellom anna om aktivt jordliv og «reisa» frå avmakt til makt.

Sven Martin Håland frå Bondelaget snakka om korleis sanningar vert skapt. Jordbruksforhandlingane har endra seg frå arbeidskrevjande til kapitalkrevjande, men jordbruksforhandlingane har ikkje følgd med. Norges Bondelag krev at eit årsverk for bonden skal vere 1700 timar, ingen normering av inntekt og avkastning på all eigenkapital.

Jørund Rong frå Voss Sparebank slo fast at spreidd busetnad og spreidde gardar og produksjon er viktig for beredskapen. Bonden sin andel av prisen på matvarer må opp.

Maria Berg Hestad viste oss korleis me sjølvé kan drive matauk og beredskap på små areal og i pallekarmar. Endring startar med oss sjølvé.

Per Olaf Lundteigen frå Senterpartiet: «Vi må tørre å si det som er sant!». Stadig fleire ser behovet for beredskap og dette er ei tid der det trengs handling. Matproduksjonen er den mest politisk styrte næringa i Norge, utviklinga med stadig meir import og færre bønder, er villa politikk. Endring tek tid og krev plan og styring. Dersom ikkje Stortinget tek styring, og det må skje no, vil andre ta styringa. Årlege tal er viktig, og like viktig som rammekravet er fordelinga. Overproduksjon er ein fare, men eigentleg er det importen som er problemet.

Frida Haltli var med og demonstrerte foran Stortinget i april og kjente på sorg, skuffelse og vantru over Stortingsvedtaket den dagen. Ho er ei ung jente som ynskjer å produsere mat, men det må vere lønsemrd.

Anders Nordstad, bloggar og mytekverkar, tidlegare generalsekretær i NBS: «Jeg hadde ikke en stemme jeg heller, før jeg begynte å bruke den». Ja, vi treng årlege tal, vi treng å utnytte dei ressursane vi har og vi treng å få folket med oss. Samfunnet forventar mykje av matprodusentane - skaff deg ein jobb til, invester eigne og lånte pengar (som forduttar), ein evt effektiviseringsgvinst vil tilfalle samfunnet, manglande lønsemrd er di eiga feil, vi hjelper deg litt på veg. Det eksisterer mange myter om landbrukspolitikken - at landbrukspolitikken er til for bøndene, er sykt komplisert, landbruksforhandlingane - ingen ting av dette stemmer, prisane vert bestemt ut frå kjøpekraft, det er ikkje reell konkurranse mellom dei tre kjedene og toll har ingen ting å gjere med prisdanninga i butikk.

Edel Urstad fekk alle dei frammøtte **kommunepolitikarane** fram på scena, der alle gav ein lovnad om å løfte saka opp til topps i eige parti.

Åse-Marie



God stemning mellom alle dei 700 tilhøyrarane i salen. Fremst ser me Håvard Holt, Siri Byrkjeland og Øystein Eik frå Kvinnherad og Kvam BS.



Møteleiar Edel Urstad takkar innleiarar og initiativtakrarar for ein flott kveld. Lundteigen, Hestad, Omsted, Nordstad, Haltli, Håland, Rong, Seim, Selheim.

NBS-leiar Tor Jacob Solberg på tur til Bergen

29. januar hadde Hordaland Bonde- og Småbrukarlag organisert besøk frå Tor Jacob Solberg, leieren i Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Føremålet var å setja fokus på talgrunnlaget og vår kampsak om ærlege tal.

Første del av besøket var eit presse-gardsbesøk i Bjørnafjorden. Der fekk både Tor Jacob, pressa og politikarar sjå den flotte garden og kulturlandskapet på garden Bø. Tina Bøe Buer, påtroppende bonde på Bø og nestleiar i fylkeslagsstyret, var vertskap og ga intervjuer til journalistane i lag med Tor Jacob, HBS-leiar Mari Austvoll Gjengedal og Marthe Hammer, listetopp for SV i Hordaland. Resultatet vart ein god og fyldig artikkel i Os og Fusaposten, og ein flott reportasje som forsidesak i Bergens Tidende. Vi fekk godt fram bodskapen om viktigeita av beredskap og korleis bønder treng ei inntekt å leva av viiss vi skal kunna bidra til regjeringas mål om 50% sjølvforsyning. Dei flotte beitene på Bø med gammalnorsk spælsau var eit perfekt bakteppe for å visa korleis matberedskap ser ut i praksis, kvifor det er viktig å nytta alle ressursane vi har, og kvifor vestlandsjordbruksmed bratte bakkar og små teiger er annleis å produsera mat på enn flate jorder på Austlandet. Tor Jacob var begeistra over å få sjå eit så flott vestlands-kulturlandskap! Etterpå bar turen vidare til Bergen sentrum og arrangement på biblioteket (les under), før kvelden vart avrunda i godt lag med eit knippe lagsmedlemmar og lystig politikkdiskusjon over noko godt i glaset.

Mari

«Ærlege tal» - Treng vi vestlandsbonden?

Møte med Tor Jacob Solberg og politikarpanel

I lag med Spire, Økologisk Vestland og Midthordland Bonde- og Småbrukarlag inviterte Hordaland Bonde- og Småbrukarlag 29.januar til ope møte på Bergen Bibliotek. Møtesalen har ca. 70 sete, og me var spente på kor mange som ville møte opp. Og salen vart full! Etter innleiing frå HBS-leiar Mari Austvoll Gjengedal, NBS-leiar Tor Jacob Solberg og Inga i Spire, var det klart for politikarane Marthe Hammer frå SV, Andreas Aukland frå MDG, Lars Fjeldstad frå SP og Åsta Årøen frå Venstre å innta panelet. Mari Austvoll Gjengedal leia debatten som var innom fleire viktige problemstillingar:

samanlikning med lærarløn, idealisme, politisk langsigthet, krav til dyrevelferd, familjejordbruk og mangfald kontra AS, kjedemakt med prisdanning i butikk og EMV. Og ikkje minst talgrunnlaget, det er viktig med ein faktabasert debatt. Når politikarane ber om å få feile tal, er det alvorleg.

Oppsummering: Trass i flotte mål blir vi stadig færre. Kva skal til? Dette er spørsmål som vedkjem heile samfunnet og politikarane må ta ansvar. Betre rammevilkår må på plass for at bonden skal ha ei løn å leve av. Då trengs det rett talgrunnlag og verktøy som gjer det mogleg å prioritere beredskap, rekruttering, stell av jorda og kunnskap. Me er sårbare, og det er viktig no at samfunnet engasjerer seg.



Tor Jacob Solberg, Tina Bøe Buer, Marthe Hammer (SV) og Sindre Måge på Bøe i Bjørnafjorden.



Fullsett sal under møtet på Bergen Bibliotek.



Mari leiar debatten mellom representantar frå NBS, MDG, SV, SP og V.



Tor Jacob har ingen problem med å halde på interessa hos publikum.



Ungdommen er med



Nils Frøynes til minne

Nils Frøyne døydde 19. oktober etter lang sjukdom. Nils var ein av stiftarane til Ullensvang Bonde- og Småbrukarlag i 1979. Opprøret som gav opphav til lokallaget den gong var først og fremst grunna därlege tilhøve for fruktdyrkarane, men Nils ville at husdyrbøndene også skulle vera del av det nystifta laget. Og slik gjekk det til at styret den gong inneheldt fruktboender og husdyrfolk. Dermed fekk det nye laget breiare grunnlag for verving og småbrukarpolitikk. Nils var svært oppteken av småbrukarideologien, og fekk eit stort kontaktnett med likesinna i småbrukarrørsla både her i Hordaland og andre stader i Sør Noreg. Nils vaks opp på Frøyne, ei den gong veglaus grend i Ullensvang, og overtok heimagarden etter mor si. Han var ihuga sauebonde og kjempa for betra kår for småfebønder. Sjukdom gjorde at sauehaldet opphørde for ein del år sidan. Nils var ein svært habil gråsteinsmurar og hadde fleire prosjekt i Hardanger. Restaurering av gamle bygningar var ei av hjartesakene hans. Me er mange som har gode minne etter han.

Arne Lofthus



Er kampen for rettferdig inntekt til bonden et spill for deg, Bjørlo?

Publisert i Nationen 3.6.2024

Mandag ble det klart at KrF og Venstre gir sin støtte til regjeringen og den framforhandlede jordbruksavtalen. Venstres Alfred Bjørlo uttaler til Nationen at «nå må norske bønder kunne stole på at det finnes et ansvarlig flertall i Stortinget». Han omtaler SV og Rødt som urokråker som driver med «spill og taktikker» når de viser skepsis mot å støtte avtalen.

SV og Rødt sin skepsis bunner i at jordbruksavtalen bygger på et tallgrunnlag som ikke har demokratisk flertall. I lys av dette framstår som ganske smakløst av Bjørlo å prøve å skåre billige politiske poeng på disse partienes bekostning. Det burde heller bekymre Bjørlo at regjeringen nå ser ut til å få flertall for en avtale hvis fundament nylig ble nedstemt av forsamlingen han selv er en del av.

Faktum er at Stortinget nå står i en bemerkelsesverdig merkelig situasjon uten presedens. Som Bjørlo riktig peker på, ble det ikke flertall for forslag 25 fordi regjeringen nekter å lytte til næringens krav om ærlige tall og støtte politikken de selv gikk til valg på. Men det ble heller ikke flertall for noen andre forslag.

Likevel, selv om regjeringens forslag falt i Stortinget, er det dette som på forunderlig vis har endt opp med å utgjøre regnemåten for årets jordbruksforhandlinger. At SV og Rødt reagerer på dette, skulle bare mangle. Spørsmålet er vel snarere hvorfor Bjørlo ikke gjør det?

For hva er egentlig spillereglene i denne situasjonen? Og hvor ansvarlig, for å bruke Bjørlos ord, er Stortinget når de lar regjeringen slippe unna med denne frekkheten?

Det er forstemmende at Venstre og KrF vil gi sin tilslutning til en avtale med et udemokratisk tallgrunnlag. Det viser ikke bare en manglende respekt for jordbrukets felles krav om ærlige tall som jeg og de andre demonstrantene ropte for full hals på Eidsvolls plass 17. og 18. april, men det viser også en manglende forståelse for forskjellen på de respektive rollene til faglagene og de folkevalgte. For der Bonde- og Småbrukarlaget og Bondelaget kun har to valg i forhandlingssituasjonen (enten godta spillereglene staten bestemmer eller velge bort retten til å forhandle), står Stortinget i sin fulle rett – ja, sitt fulle ansvar vil noen hevde - til å endre, justere og gi korreks til regjeringens valgte framgangsmåte.

Det er nemlig Stortinget, ikke bøndene, som skal bestemme jordbrukspolitikken her til lands. Jordbruksforhandlingene er kun et grunnlag for Stortings behandling, ikke en fasit. Og når politikken (virkemidler basert på uærlige tall) ikke bidrar til å oppnå de målene Stortinget selv har satt (om blant annet jamstilling og økt selvforsyning), er det Stortings jobb å gripe inn. Jeg skulle ønske jeg kunne stole på at det fantes et ansvarlig flertall på Stortinget. Et flertall som ikke lot regjeringen slippe unna med forsøket på å kuppe kampen om reell jamstilling. Et flertall som sørget for at det fikk konsekvenser når noen prøvde å presse gjennom politikk som ikke var demokratisk vedtatt. Men det virker å være for mye å håpe på. Det samme tallgrunnlaget som ble nedstemt av Stortinget i april, ligger nå an til å bli godtatt av Stortinget som fundament for årets jordbruksavtale. Av hensyn til å gi bønder «ro». Av hensyn til «respekten» for avtaleinstituttet.

Dette er ikke bare stilltiende samtykke fra Stortings side, men aktiv støtte til en regjering som syns det er viktigere å jamstille bønder på papiret enn i virkeligheten. Og som vi vet, vil dette ikke føre til noe annet enn en fortsatt nedlegging av norsk landbruk. At ikke dette bekymrer Bjørlo, bekymrer meg.

Mari Austvoll Gjengedal,
Samfunnsgeograf, jordbruker og leder i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

Landsmøte 2024



Landsmøtedeltakarar frå Hordaland: Johannes Rogdo, Ullensvang, Håvard Holt, Kvinnherad og Kvam, Endre Evensen, Voss, Jon Bergmål, Sveio, Øystein Eik, Kvinnherad og Kvam, Åse-Marie Reisæter, fylkessekretær, Frida Valeur, Ullensvang, Thomas Harris, Ullensvang, Mari Austvoll Gjengedal, fylkesleiar, Sindre Måge, Ullensvang, Tor Nagelgaard, Midthordland, Jens Markhus, Etne, Bjørn Egil Nordland, Masfjorden, Johan Kristian Milde, Midthordland, Oddvar Stang, Radøy, Nils Martin Seim, Voss.



«Hordlandsbenken»: Jens Markhus, Etne, Håvard Holt og Øystein Eik, Kvinnherad og Kvam, Bjørn Egil Nordland, Masfjorden, Tor Nagelgaard og Johan K. Milde, Midthordland, Oddvar Stang, Radøy.

Er fruktnæringa i ferd med å bli ei stengd næring?

Denne vinterren har det kome fram opplysningar om at fruktlagera «vaskar» medlemslistene sine for å luka ut passive, gjerne mindre produsentar. Det er naturleg at fruktlagera ynskjer aktive, gode produsentar, og dette er ein praksis som har vore gjennomført tidlegare. Men det me hører no, er at grossistane gir melding til fruktlagera om at mengden i marknaden av norsk frukt er uhandterleg for nokre varesortar. Dette kan vera eple i delar av norsk sesong, plommer og moreller. Frå gammalt av veit me at ein norsk epleproduksjon på i overkant av 10.000 tonn, som skal seljast i normal norsk sesong, kan vera utfordrande for salsledda. Den store plantinga i alle norske fruktdistrikta har vore med å skape desse utfordingane. Store areal på Austlandet og i Telemark, på tradisjonell kornjord, med gode investeringsmidlar frå det offentlege, ser ut til å bidra til å forsterka salsproblema.

Når fruktlagera såleis får melding om å redusera eller ikkje auka mengdene frå sine medlemmer, gir dette seg utslag i utestenging av nye potensielle medlemmer. Det er, slik me har forstått, fruktlagera sjølv som i denne prosessen, ikkje vil ta inn fleire medlemmer.

Fleire spørsmål dukkar opp:

- Har me ein norsk overproduksjon all den tid det vert importert mange tusen tonn eple i norsk sesong?
- Kva vil dette på sikt ha å seia for bygdene våre når unge, nye potensielle frukttdyrkarar ikkje får vera med i fellesskapen?
- Kva kontroll har me på at dei største medlemmene i fruktlagera, med tilgang på leigejord eller nydyrka jord, ikkje aukar opp sin produksjon?
- Er dette ei utvikling av vår lokale fruktproduksjon eller er det starten på ei avvikling?

Sentraliseringa innan norsk fruktproduksjone er no ein realitet, i og med at sentrale strok av landet aukar opp sin del av marknaden, og dette skjer heilt utan politisk kontroll av næringa. Tollvernet er svakt og gammalt, tollsatsane er like som for 30 år sidan. Politiske myndigheter sine mål om meir norsk frukt og grønt, og større norskandel av marknaden, ser ut til å vera skrivebordynskje utan reell styring. All den tid myndighetene heller ikkje har politisk styring med matomstaden i Norge, blir dette den sterkeste sin rett til å produsera og få selt produkta sine. Grossistane skjuler seg bak ein «konstruert» marknad der overproduksjon berre skjer utan styring. Diverre verkar det som om fruktlagarstyra gjerne vel den enklaste vegen med å stengja fruktlagera for nye medlemmer. Det kan vera fleire grunnar til at nye bønder, gjerne unge framtidige fruktboender, vil vera del av fruktfellesskapen. Det vanlegaste er ved generasjonsskifte, men også gardskjøp av tilflyttarar skjer.

Det store spørsmålet blir: Korleis kan me hindra at næringa ikkje blir ei stengd næring, og vidare, kva vil bortfall av potensielle unge, nye bønder få å seia for våre sårbare bygder?

Hordaland Nei til EU

Wants Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
lukke til med årsmøtet og med det viktige
arbeidet laget gjer for norsk landbruk.

Hordaland Nei til EU arbeider for eit EU-fritt Norge
og for å erstatte EØS-avtalen med ein
likeverdig avtale som ikkje fører med seg tap
av folkestyre og sjølvråderett.

Me håpar at mange i Bonde- og Småbrukarlaget
støttar denne kampen, og me inviterer til
medlemskap i organisasjonen vår.

Me ser fram til eit godt
samarbeid i åra som kjem.

www.neitileu.no

Mjølkepumpe for sau, geit og ku. Enkel i bruk.
Råmjølksstatning - reddar tusenvis av lam.
Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte
oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Drikkeutstyr

Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr
til husdyr. Mange modellar drikkekjar, stål- og
plastrør, røyrdalar m.m.

Nessemaskin
Sjøarsv. 5, 6994 Nessane, Tlf. 57 69 48 00
www.nessemaskin.no

VOSS Landbruksrekneskap

• komplett, enkelt i bruk, Altinn
• svært gode tilbakemeldingar
• innarbeidd gjennom tre tiår
• kompetent brukarstøtte

Kr 2600 pr. år/ brukar
Krav: Excel 2010 eller nyare

Tlf. 56 52 98 55 - www.landbruksdata.no

Balanse 2024

| Rekneskap 31.12.24 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Budsjett 2025 | |
|--|-----------------------|----------------------|----------------------|--|
| Driftsinntekter. | | | | |
| Kontingentar | 250 744 | 270 000 | 270 000 | |
| Sekretærtilskot NBS | 38 000 | 38 000 | 38 000 | |
| Lysingar i årsmeldinga | 49 100 | 50 000 | 46 000 | Kundefordringar 8 800 |
| Møte - studietilskot | 43 000 | 20 000 | 30 000 | Forskuddsbetalte kostnader 0 |
| Medlemstilskot | 27 487 | 27 000 | 28 000 | Vb 1076644 220050 |
| Andre inntekter | 0 | 500 | 500 | Vb 6442177 80781 |
| Renteinntekter/kundeutb. | 2 869 | 4 000 | 5 000 | Skattetrekkskonto 9 179 |
| Sum driftsinntekter | 411 200 | 409 500 | 417 500 | Sum eigendelar 318 810 |
| Driftskostnader. | | | | |
| Støtte til prosjekt | 0 | 25000 | 40 000 | |
| Løn leiar | 35 000 | 35 000 | 37 000 | Eigenkapital og gjeld |
| Løn sekretær | 154 000 | 154 000 | 163 000 | |
| Div. adm. Kostnader leiar | 7 000 | 7 000 | 8 000 | Eigenkapital 0 01.01.2024 234 565 |
| Arbeidsgivaravgift | 27 636 | 26 650 | 28 000 | Overført resultat 47 786 |
| Kontorutgifter/telefonutg. Adm. Sekretær | 11 000 | 11 000 | 12 000 | Sum eigenkapital 282 351 |
| Styreutgifter | 8 368 | 20 000 | 15 000 | |
| Årsmøte | 28 145 | 25 000 | 25 000 | |
| Årsmelding m/utsending | 41 770 | 43 000 | 43 000 | |
| Reiser og representasjon | 14 717 | 20 000 | 20 000 | Gjeld |
| Kurs, møter, informasjon m.m | 0 | 3 000 | 3 000 | |
| Lysingar, honorar | 0 | 2 000 | 2 000 | Leverandørgjeld 3 569 |
| Porto, tidsskrifter m.m. sekretær | 4 687 | 4 000 | 5 000 | |
| Rekneskap og kasserarverksemد | 22 459 | 20 000 | 25 000 | |
| Tilskot til lokallaga | 0 | 0 | 0 | |
| Forsikring | 1 403 | 1 200 | 1 600 | |
| Gåver og helsingar | 650 | 3 000 | 3 000 | |
| Standutgifter/reklame | 0 | 5 000 | 5 000 | |
| Andre utgifter | 5 379 | 5 000 | 6 000 | |
| Renteutgifter/tap på krav | 1 200 | 1 000 | 1 500 | |
| Sum driftskostnader | 363 414 | 410 850 | 443 100 | |
| Driftsoverskot/underskot | 47 786 | -1 350 | -25 600 | |



På lag med landbruket

Forsikring

Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige.

Les mer på gjensidige.no/landbruk, eller ring oss på 915 03100.



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

Gjensidige